

Dykkar ref.: 21/2307 Vår ref.: P1769 Dato:16.03.2022

oseing.no

Privat detaljregulering for Haukå II, del av gbnr. 15/1, Akvakultur – merknadsvurdering etter offentlig ettersyn

Detaljplan Haukå II vart etter vedtak 18.10.2021 i sak 076/21 lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 27.10.2021 – 08.12.2021. Utdrag av merknadane med vurdering under:

Mattilsynet, datert 26.10.2021

I plandokumenta blir det tilrådd å unngå utfylling i sjø innanfor planområdet frå mai til tidleg i juni. Bakgrunnen er at dette er i utvandringstida for sjøauresmolten. Ein vil også tilrå å unngå sprengingsarbeid, dersom det er aktuelt, i denne perioden. Årsaka er at dette også kan skade smolten i denne perioden.

Vurdering:

Det vil ikkje bli gjort sprengingsarbeid i sjø. Det vert lagt opp til sprengingsarbeid på land i dette tidsrommet. Dette vil medføre bråk og ristingar i sjø, men slik lågfrekvent brumming vil kanskje skremme, men ikkje skade fisk.

NVE, datert 26.11.2021

Skred i bratt terreng

Det er kartlagt skredfare i planområdet, og utarbeidd faresonekart for skredfare med årleg sannsyn $>1/100$ og $1/1000$. Faresonene er teikna i plankartet og synt som omsynssone med nemninga H310_1 og H310_2. Til omsynssonene er det knytt føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skredfare før utbygging kan finne stad.

Skredfarevurderinga tek utgangspunkt i at det ikkje skal gjerast tiltak innanfor planområdet som fell under tryggleiksklasse S3. Det er difor ikkje teke stilling til om det er areal utanfor omsynssonene der det årlege omsynet for skred er $> 1/5000$. Skredfare for tiltak i tryggleiksklasse S3 er difor ikkje avklart. NVE kan ikkje sjå at planen avgrensar kva tryggingssklasse som kan tillatast. NVE rår til at slik avgrensing blir innarbeidd i planen, eventuelt at skredfare med sannsyn $> 1/5000$ også blir avklart.

Utfylling i strandsona kan utløyse skred

Planområdet ligg langs sjøen og legg opp til utfylling i sjøen. Det er vurdert fare for områdeskred av kvikkleire, det er gjennomført grunnundersøkingar. Det er konkludert med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire.

NVE vil likevel fokusere på at skred og utglidingar i strandsona også kan skje i andre lausmassar enn kvikkleire/sprøbrotsmateriale. I NVE rettleiar 1/2019 Sikkerheit mot kvikkleireskred er det eige kapittel om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmasse. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet i for tiltak i strandsona. NVE rår til å setje krav om geoteknisk detaljprosjektering ved fylling i sjø.

Flaum og overvatn

Frå sør kjem det nokre mindre bekkar/vassvegar ned mot planområdet. Desse må først gjennom det planlagde næringsområdet. Overvatn må først til sjø på ein trygg måte. Planen seier lite om dette, bortsett frå føresegnene 2.1.12, der det er krav om teknisk plan for mellom anna overvatn, at løysinga skal dimensjonast som følgje av klimaendringar. Vidare står det at nye løysingar for overvatn som hovudregel skal baserast på opne løysingar. I merknadsvurderinga til oppstart står det at det blir skissert flaumveg gjennom området. NVE kan ikkje sjå at det er skissert flaumvegar gjennom planområdet, NVE rår til at det blir innarbeidd flaumvegar gjennom planområdet i plankartet.

NVE ser positivt på at det som hovudregel skal nyttast opne løysingar for å føre overvatn og mindre bekkar gjennom planområdet i opne løysingar. Det er i samsvar med Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing som legg vekt på opne løysingar framfor lukka. Dersom andre løysingar vert valde, skal det grunngjevast kvifor opne løysingar vert valde bort.

Om vassuttak til produksjonen

NVE gjer merksam på at fråsegna til reguleringsplanen gjeld arealbruken. Eventuelt endra vassuttak av vatn til produksjonen i høve til gjeldande konsesjon må vurderast i eiga sak etter vassressurslova. NVE har til handsaming ein søknad om auka produksjon i samband med denne utvidinga. I den saka vurderer NVE om planlagt utviding kan skje innanfor eksisterande vassdragskonsesjon.

Vurdering:

Det blir lagt inn avgrensingar av tryggleiksklasser i føresegnene, det blir ikkje opna for tiltak i tryggleiksklasse S3.

Det blir i føresegnene sett krav om geoteknisk prosjektering av fylling i sjø.

Det blir skissert flaumveg i plandokumenta.

Statens vegvesen, datert 26.11.2021

I føresegnene er det lagt inn rekkjefølgjekrav om at føre det kan gjevast bruksløyve for RAS 4/5 skal kryss mellom o_SVK1 (fv. 614) og o_SVK2 (kommunal veg) vere opparbeidd i samsvar med vegnormalane. Det er også sett krav om rekkverk i dette krysset. SVV kunne ber

om at også for rekkverk vert sagt i føresegnene at det skal oppførast i samsvar med vegnormalane. Overordna føringar for bruk av rekkverk står i vegnormal N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr.

Vurdering:

Føresegnene blir oppdatert med at rekkverk skal oppførast i samsvar med vegnormalane.

Statsforvaltaren i Vestland, datert 07.12.2021

Planlagde tiltak er ikkje i samsvar med føremåla i gjeldande kommuneplan. I gjeldande kommuneplan er aktuelt område på land i hovudsak sett av som LNFR. Aust for og i austre del er det sett av areal for noverande akvakultur, A28. Areal i sjø er synt som bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Heile Nordalsfjorden frå Florø og austover er gjeve med omsynssone bevaring naturmiljø, ut frå at fjordsystemet er viktig gyteområde for torsk.

Kommuneplanen sin arealdel er under rullering og planområdet er spelt inn til kommuneplanarbeidet. Planframlegget er vurdert i samsvar med plan- og bygningslova kapittel VII Konsekvensutredningar, med tilhøyrande forskrift. Tiltaket er vurdert å få vesentlege verknadar i høve KU-forskrifta § 10, og er såleis vurdert å utløyse krav om KU. Det er utarbeidd KU for beslutningsrelevante tema som strandsone, naturmangfald og landskap. Etter Statsforvaltaren si vurdering er konsekvensutgreiinga i høve villfisk og sjøaure feil. Det vert sakna ei vurdering og utgreiing av den samla belastninga og miljøkonsekvensar for summen av utslepp, utvidinga vil få for fjordsystemet.

Kommunedialog

Då det vart avdekka mogleg konflikt med viktige statlege interesser i planen, vart Kinn kommune invitert til dialog 03.12.2021 om dei ulike tilhøva til planen, som Statsforvaltaren hadde merknadar til.

Tema som vart drøfta:

1. Aktuelt område skal takast inn som akvakulturområde i samband med rullering av kommuneplanen. Statsforvaltaren synes det er uheldig at ein planlegg på detaljnivå først i staden for å avklare det i ein kommuneplanprosess, og ønska ei vurdering frå kommunen, kvifor ein ikkje kan vente med detaljplanlegginga, når kommunen alt er i gang med rullering av kommuneplanen.

Kinn tok innspelet til orientering og fortalde at det er eit sterkt behov for ei utviding no, før kommuneplanen kan vere på plass. Det var knytt stor usikkerheit til når kommuneplanen ville bli vedteken. Kommunen har så vidt byrja prosessen, men sannsynlegvis ville ikkje ny kommuneplan vere på plass før tidlegast om eit år. Eksisterande næring har eit akutt behov for utviding og er ei viktig næring for kommunen. I tillegg var det tale om ei utviding og vidareutvikling av eksisterande anlegg på land. På bakgrunn av desse momenta, vurderte kommunen at det var naudsynt å tilrå planarbeidet. Statsforvaltaren hadde forståing for kommunen sitt ønskje og kunne difor stille seg bak kommunen si vurdering om å setje i gong detaljplanprosessen før kommuneplanen var på plass.

2. Statsforvaltaren synte vidare at planarbeidet var ei vesentleg bit- for bit nedbygging av naturleg miljø i strandsona, oppunder ein elveos med sjøaure, og ei bukt som er del av gyteområde for torsk. Det var utarbeidd KU for beslutningsrelevante tema som strandsona, naturmangfald og landskap. Etter Statsforvaltaren si vurdering var KU utforma som notat. Konsekvensutgreiinga burde heller utformast etter rettleiaren til Miljødirektoratet. Etter Statsforvaltaren si vurdering var alt som var omtala om sjøaure unøyaktig. Statsforvaltaren bad om ei ny og utfyllande vurdering av konsekvensane utbygginga ville få for dei eksisterande fiskeverdiene i området.

Kinn kommune tok innspelet til orientering. Kommunen satt ikkje på spisskompetanse i høve registreringane knytt til naturmiljø. Dei antok at det som kom frå Rågivende biologer var godt utgreidd. Det er eit politisk ønske om at konsekvensane utbygginga vil få for natur og miljø skal vere riktige, utgreidd og synleggjort. Kommunen var såleis samd i at det måtte utførast ei ny kartlegging av dei eksisterande verdiene knytt til aure og villfisk, og konsekvensane utbygginga vil få for desse.

3. Statsforvaltaren viste så til eksisterande bekk innanfor planområdet. Det kom ikkje klårt fram av planomtalen om dette var eit vassdrag med årleg vassgjennomstrøyming og om naturverdiene langs bekken som skulle lukkast, var undersøkt. Statsforvaltaren kunne heller ikkje sjå at det var omtala moglege konsekvensar av å leggje bekken i røyr. Dersom det er vassføring gjennom heile året, har ein ikkje lov å hogge kantvegetasjonen utan løyve frå Statsforvaltaren. Dersom ein ikkje hadde kartlagt naturverdiene langs bekken, rådde Statsforvaltaren til at dette måtte utgreiast og innlemmast i planarbeidet.

Kommunen trudde ikkje at bekken var eit andromt vassdrag, då den ligg i eit bratt terreng, med fleire bekkar som vart samla i ei større å. Dei kunne likevel ikkje utelukke at de kunne eksistera andre naturverdiar langs elva som burde undersøkjast nærare. Kommunen var difor samd i Statsforvaltaren si tilråding om å utgreie dette.

4. Statsforvaltaren peika vidare på at samla belastning og miljøkonsekvensar for summen av utslepp ikkje er omtala i planen i det heile tatt. Dagens løyve etter forureiningslova er for utslepp frå 1500 tonn produksjon per år, som skal bli 5000 tonn når det nye anlegget er ferdig. Det vert store utslepp av oppløyste næringsstoff, sjølv om ein klarer å reinse vekk ein stor del av partiklane. Dette vil gjødsle fjorden, og kan gje ringverknadar for miljøet utover berre nærområda like utanfor anlegget. Kor mykje og kor langt er ikkje omtala. Haukå vert dessutan ein av mange aktørar, når ein reknar i hop alle dei som skal ha store utslepp i fjordsystemet før ein kjem ut til kysten.

Kinn kommune orienterte om det ikkje skulle sleppast ut så mykje vatn frå anlegget, og at vatn som skulle nyttast fleire gongar. Likevel ville sjølv sagt noko av vatnet verte slept ut i fjorden. Kommunen var såleis samd i at dette tilhøvet måtte utdjupast og utgreiast i planomtalen.

5. Etter Statsforvaltaren si vurdering gjaldt konsekvensane som er omtala i planen i hovudsak utfyllinga og byggjeperioden. Konsekvensar av sjølve tiltaket når det kjem i

drift, var ganske lettvent handtert, og vert skubba vidare til handsaminga av søknaden om utviding etter sektorlovverk. Dette tilhøvet måtte difor omtalast grundigare i planarbeidet.

Kinn kommune tok dette innspelet til orientering og var samd i at dette tilhøvet ikkje var godt belyst i planomtalen. Kommunen ville sjå nærare på dette tilhøvet og be plankonsulenten utdjupe konsekvensane tiltaket ville få når anlegget kjem i drift.

6. I føremåla kai/hamneområde står det at tiltak ikkje skal vere lov. Statsforvaltaren har ikkje funne noko i planframlegget om at tiltak i form av sjøvassleidningar- og avlaupsleidningar skal kunne gå gjennom desse områda. Statsforvaltaren føreset at det er meininga at det skal kunne leggjast leidningar i sjø ved behov, men når formålet kai/hamn ikkje opnar for tiltak, så vil desse tiltaka ver i strid med føremålet.

Kinn kommune var samd i at det kunne tolkast at det ikkje skulle opnast for noko tiltak i desse føremåla. Kommunen var heller ikkje sikre på korleis anlegget skulle løyse inntak- eller avlaupsnett. Det er difor behov for å presisere føresegna.

Vurdering:

Punkt 1 – Kommunen sin omtale blir stetta

Punkt 2 – Det er gjort ny utgreiing av konsekvensane planen vil få for eksisterande fiskeverdiar i området. Ny utgreiing har medført endring i tidspunkt for når det ikkje kan fyllast ut i sjø – mellom 20. april - 15. juni

Punkt 3 - Det er gjort ny utgreiing av konsekvensar planen vil får for bekkar innanfor planområdet.

Punkt 4 – Det er gjort ny vurdering av konsekvensar av utvida produksjon vil få for omgjevnaden.

Punkt 5 – Det er gjort ny utgreiing av konsekvensar drift av anlegget vil få for omgjevnaden.

Punkt 6 – Det er gjort endringar i plankartet og føresegnene slik at det er opna for å leggjast leidningar i sjø kan leggjast der det er aktuelt.

Vestland fylkeskommune, datert 08.12.2021

Planfagleg merknadar

Planframlegget er i strid med kommuneplanen. I fråsegn til oppstart stilte fylkeskommunen seg kritisk til planlegging i strid med overordna kommuneplan. Kommunen er i gong med rullering av kommuneplanen sin arealdel, der framlegget er spelt inn. Fylkeskommunen meiner arealbruken bør avklarast på overordna nivå før ein går vidare med detaljregulering. Planprosessen rundt arealdelen skal sikre heilskap og berekraftig forvaltning av arealressursane og involverer mange interesser og fagområde. Under prosessen får ein sett arealbruken i kommunen under eitt og kan vurdere alternative plasseringar av arealføremål. For planlegging i sjøområde er samla verknadar av arealbruken viktig å kartlegge. Det er og framheva i rettleiaren frå KMD mai 2020, at det er vesentleg at den enkelte kommune vurderer den samla belastninga av arealbruken i sjø for eit større område, og ikkje berre for

kvalt enkelt areal eller eit avgrensa område, som kvar for seg ikkje utgjer ein for stor belastning.

Det vert sakna omtale av dei samla belastningane av tiltaket vil ha for økosystemet i sjø. Tiltaket kan få konsekvensar utover planområdet. Fylkeskommunen meiner det er særleg relevant å omtale dette då planområdet ligg i Norddalsfjorden som har omsynssone naturmiljø, og er eit viktig regionalt gytefelt.

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturarv har ikkje vesentlege merknadar til detaljplanen Haukå II. Minner om varslingsplikta som tiltakshavar har:

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller groper, steinsettingar eller samling av stein, og våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Samferdsel

Det er bra det er stilt krav om at kryss o_SKV1 (fv. 614) og o_SKV2 (kommunal veg) vert opparbeidd i samsvar med vegnormalane.

Infrastruktur og veg meiner rekkjefølgjekrava som er sett i føresegn 5.2 knytt til utforming av krysset og oppføring av rekkverk i samsvar med vegnormalane, burde vore knytt til igangsetjingsløyve og ikkje bruksløyve. På den måten vil ein sikre at også anleggstrafikken i samband med utbygging innanfor planområdet får eit betre utforma og trafikksikkert kryss.

Vassforvaltning

Vassforskrifta og Regional plan for vassforvaltning bør nemnast i planen, sjølv om planen ikkje vil påverke tilstanden av vassførekomsten.

Vurdering:

Planfaglege merknadar blir teke til vitande, og det er gjort ei samla vurdering av konsekvensar planen vil få for omgjevnaden.

Varslingsplikta i høve kulturminne er teke inn i føresegnene.

Det har ikkje vore utfordringar med kryss fylkesveg kommunal veg i samband med opparbeiding av RAS2/3. Dette arbeidet blir avslutta før det blir starta opp med RAS4/5. Det blir difor ikkje særleg auke i trafikk til planområdet i samband med RAS4/5, og difor vurdert at det ikkje trengs å knyte rekkjefølgjekravet til igangsetjingsløyve.

Vassforskrifta og Regional plan for vassforvaltning er nemnt i planomtalen.

Statsforvaltaren i Vestland (SF), datert 11.03.2022

Kommunen har arbeidd vidare med planframlegget sidan dialogmøtet, det er gjennomført ei ny kartlegging av naturmangfaldet, ny fiskeundersøking og resipientundersøking i området ved Haukå. I vedlagt oversending har kommunen og lagt ved eit oppdatert plankart, kor det er sett ei ny byggjegrænse markert med svart/oransje line, om lag 5 m utanfor opphavelag byggjegrænse for fyllingsfot. Dette vil medføre behov for å utvide kaifronten med 3 m for å få tilstrekkeleg djupne ved kai. Etter kommunen si vurdering vil ikkje dette medføre noko særleg konsekvensar for naturmangfaldet.

Vurdering

SF har no fått høve til å vurdere fiskerapporten frå Rådgivende Biologer AS. Det er mellom anna gjort ei ny vurdering av vandringshinder. Ein har lagt ein del vekt på at det er eit temporært vandringshinder (vandringshinder der fisken kjem seg forbi på visse vassføringar) som er vanskeleg å passere. Ein har vidare kartlagt at fisken kan vandre heilt opp til Haukåvatnet. Dei har også undersøkt innløpsbekkane til Haukåvatnet, og bekken i planområdet som skal leggjast i røyr. SF er nøgde med denne synleggjeringa, og har no eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for fisk i området.

SF merkar at Rådgivende Biologar AS nyttar ein presmolt-tettleiksutrekning i rapporten. Denne utrekninga er noko omstridt. SF veit ikkje om andre firma som nyttar denne modellen, som legg til grunn at all fisk over 11 cm er presmolt. Slik SF vurderer dette tilhøvet, veit ein ikkje om all aure over 11 cm vel å vere smolt, for så å vandre ut i sjøen, eller om dei vel å verte i vassdraget. Auren har mange ulike strategiar.

Konsekvensutgreiing

SF er godt nøgd med at dei nye kartleggingane som er gjennomført, men finn diverre at KU er framleis mangelfull på nokre punkt; det er mellom anna ikkje vist kor sjølve utsleppet skal vere (kor avløpsrøyrret frå anlegget skal plasserast i sjø). Det er heller ikkje vist til tersklar i fjordsystemet på kart. Ein har nytta ein modell for å modellere korleis resipienten vil verte påverka, av eit eksternt firma. Vi kan ikkje sjå av oversendinga at denne rapporten ligg ved. SF kan difor ikkje uttale oss om konsekvensane utsleppet vil få, når ein skal auke biomassen til 5100 tonn. Det kjem heller ikkje fram kor utsleppet vil ende opp, sjølv om influensområdet er sett til 500 m i kart.

I konsekvensutgreiinga står det følgjande om sjøaure i samandraget:

Med liten produksjon av sjøauresmolt i vassdraget, er det lite sannsynleg at ei utfylling i sjø i planområdet vil medføre særleg skadeverknad på sjøauren i området, men tilgongen på beiteområde på sjøbotnen nær elvemunninga vert noko redusert. Det er ikkje venta at utsleppa frå anlegget vil ha negativ påverknad på sjøauren. Samla sett er det vurdert at funksjonsområder for sjøauren i Haukåa vert noko svekka som følgje av tiltaket.

Under påverknad og konsekvens står det:

Sjøauresmolt vandrar ut på våren frå seint i april til tidleg i juni, og oppheld seg i strandsona i fjordområda første sommaren. Med liten produksjon av sjøauresmolt i vassdraget, er det lite sannsynleg at ei utfylling i sjø i planområdet vil medføre særleg skadeverknad på sjøauren i området, men tilgongen på beiteområde vil bli redusert. Det er ikkje venta at utsleppa frå anlegget vil ha negativ påverknad på sjøaure. Samla sett er det vurdert at funksjonsområder

for sjøauren i Haukåa vert noko svekka som følgje av tiltaket, vesentlege funksjonar vert fortsett ivaretatt. Med middels verdi gjev dette noko miljøskaade (-) for delområde 2.

Til dette har SF følgjande kommentarar:

SF veit ikkje om ein meiner at alle vassdrag med liten produksjon ikkje vert påverka. Etter SF si vurdering vil dei sjøaurane som er der, verte påverka. Ein har også «veteranvandrarar» - ein bør difor ikkje nødvendigvis berre fokusere på smolt.

SF syner til NINA rapport 1071, som syner at sjøauren har særskilte individuelle strategiar. Det vert difor litt unøyaktig å seie at sjøauren oppheld seg i fjordområda den fyrste sommaren. Sjølv om nokre tilhøve som etter SF si vurdering framleis er mangelfulle, vil det ikkje bli krav til ytterlegare utgreiingar. SF vil likevel presisere at nokre av dei tilhøva som er nemnt ovanfor, skal sakshandsamast og vurderast etter anna sektorlovverk, når det ver søkt om utsleppsløyve.

SF tilrår vidare:

- Kommunen bør kartleggje påverknaden ei auking i biomassen vil få for omgjevnaden. Det må i tillegg avklarast avbøtande tiltak i tilknytning til utslepp, for fisk.
- I KU står det at torsken (egg og yngel) kan verte noko svekka. SF rår til at ein bør ha avbøtande tiltak som siltgardin for å hindre for stor spreieing av partiklar i anleggsfasen.
- Arbeid som kan føre til spreieing av partiklar/avrenning bør unngåast under smoltutvandringa (perioden april – juni). Sjøaure brukar fjordsystemet heile året.

Konklusjon:

Slik SF vurderer planframlegget, SF i Vestland sine innspel stort sett tekne til følgje og SF har såleis ikkje ytterlegare merknadar til planframlegget slik det no ligg føre. SF ber om at merknadane vert teke med i det avsluttande arbeidet og at tilrådingane vert forankra i føresegnene til planen.

Vurdering:

I samband med søknad om utsleppsløyve/konsesjonshandsaming blir auke i biomassen sin påverknad på omgjevnaden kartlagt, med eventuelle avbøtande tiltak.

Det er sett krav i føresegn 2.2.2 om bruk av siltskjørt ved utfylling i sjø for å redusere spreieing av finstoff i sjø, eventuelt saman med andre løysingar.

Det er sett krav i føresegn 2.2.2 om at det ikkje skal skje utfylling/arbeid som kan medføre spreieing av finstoff i perioden 20. april – 15 juni, for å hindre skade på yngel av sjøaure.

Samla konklusjon

Merknadane blir teke til vitande og i all hovudsak teke til følgje og innarbeidd i plandokumenta.

Bjarte F Friisvold
Arealplanleggar
Mob. 974 89 987
Oseing.no